

**Utval:** Fellesnemnda  
**Møtestad:** , Stord hotell, Leirvik  
**Dato:** 18.09.2019  
**Tidspunkt:** 10:15-15:40

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

| Namn                  | Funksjon  | Representerer |
|-----------------------|-----------|---------------|
| Anne Gine Hestetun    | Leiar     | A             |
| Roald Kvamme          | Medlem    | A             |
| Helge Nævdal          | Medlem    | A             |
| Synnøve Solbakken     | Medlem    | A             |
| Åshild Kjelsnes       | Medlem    | A             |
| Helen Hjertaas        | Medlem    | A             |
| Mona Røsvik Strømme   | Medlem    | H             |
| Silja Ekeland Bjørkly | Medlem    | H             |
| Bjørn Erik Hollevik   | Medlem    | H             |
| Pål Kårbø             | Medlem    | KRF           |
| Trude Brosvik         | Medlem    | KRF           |
| Benthe Bondhus        | Medlem    | SP            |
| Jenny Følling         | Nestleiar | SP            |
| Sigurd Erlend Reksnes | Medlem    | SP            |
| Aleksander Øren Heen  | Medlem    | SP            |
| Aud Karin Oen         | Medlem    | SV            |
| Anne Beth Njærheim    | Medlem    | V             |
| Gunhild Berge Stang   | Medlem    | V             |

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

| Namn                     | Funksjon | Representerer |
|--------------------------|----------|---------------|
| Terje Søviknes           | Medlem   | FRP           |
| Roald Stenseide          | Medlem   | FRP           |
| Nils Marton Aadland      | Medlem   | H             |
| Tom Sverre Tomren        | Medlem   | KRF           |
| Kari Sørensen Bernardini | Medlem   | A             |
| Hilmar Høl               | Medlem   | A             |

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

| Namn                  | Møtte for                | Representerer |
|-----------------------|--------------------------|---------------|
| Kjell Gitton Håland   | Kari Sørensen Bernardini | A             |
| Sigbjørn Framnes      | Roald Stenseide          | FRP           |
| Gustav Bahun          | Terje Søviknes           | FRP           |
| Natalia Antonia Golis | Tom Sverre Tomren        | MDG           |

Gjekk kl. 15.15

**Merknader**

Jenny Følling leia møtet.

Det var 22 representantar til stades.

Gruppeleiar i Raudt, Jeanette Syversen, møtte som konsultativt medlem i sak PS 54/19.

Sak PS 55/19 vart behandla etter sak PS 60/19.

Møteleiar peika ut Gunhild Berge Stang til å godkjenne møteprotokoll i lag med møteleiar.

**Frå administrasjonen møte:**

| Namn                   | Stilling  |
|------------------------|---|
| Rune Haugsdal          | Prosjektleiar   |
| Ingrid Holm Svendsen   | Kst. fylkesrådmann Hordaland                                      |
| Tore Eriksen           | Fylkesrådmann Sogn og Fjordane                                    |
| Thorbjørn Aarethun     | Seniorrådgjevar, Hordaland  |
| Anne-Kjersti Steneheim | Seniorrådgjevar, Sogn og Fjordane                                 |
| Bertil Søfteland       | Leiar fylkessekretariatet/advokat, Hordaland                      |
| Anita Fjellheim        | Spesialkonsulent, Hordaland                                       |
| Silje Lyngstad         | Rådgjevar, Hordaland  |
| Sigrid Helene Aardal   | Seniorrådgjevar, Hordaland  |
|                        | Petter Lem Gullestad, spesialrådgjevar/møtesekretær,<br>Hordaland |

## Sakliste

| Utvals-saknr | Innhald   | Arkiv-saknr | U.Off. |
|--------------|---|-------------|--------|
| PS 50/19     | Godkjenning møteinnkalling  |             |        |
| PS 51/19     | Godkjenning møteprotokoll fellesnemnda 18.06.2019                                       | 2019/3389   |        |
| PS 52/19     | Referatsaker (skriv og meldingar)   |             |        |
| RS 30/19     | Informasjon om nytt fylkeshus   | 2018/16002  |        |
| RS 31/19     | Integreringsoppgåver til fylkeskommunen   | 2019/16897  |        |
| PS 53/19     | Ymse  |             |        |
| PS 54/19     | Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 - Arbeidsdokument 5/19                              | 2018/16486  |        |
| PS 55/19     | Vidare utarbeiding av reglement for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune - del III | 2018/16486  |        |
| PS 56/19     | Møteplan for 2020 i Vestland fylkeskommune  | 2018/16486  |        |
| PS 57/19     | Rekneskapsrapport pr. juli 2019 – Samanslåingskostnader                                 | 2019/16536  |        |
| PS 58/19     | Reglement for Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune                                  | 2019/418    |        |
| PS 59/19     | Val av revisor for Vestland fylkeskommune - Tilråding frå kontrollutvalet               | 2018/16811  |        |
| PS 60/19     | Framlegg til partssamansetting av Yrkesopplæringsnemnda i Vestland fylkeskommune        | 2018/15997  |        |
| PS 61/19     | Overgangsordning DKS - Planlegging av skuleåret 2020-2021                               | 2019/2073   |        |
| PS 62/19     | Folkevalde i Vestland - rettar og pliktar   | 2018/16486  |        |
| PS 63/19     | Regulering av løn til prosjektleiar   | 2018/16486  |        |

### **PS 50/19 Godkjenning møteinnkalling**

#### **Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.09.2019**

Møteinnkallinga og saklista vart godkjend utan merknader.

### **PS 51/19 Godkjenning møteprotokoll fellesnemnda 18.06.2019**

#### **Forslag til vedtak**

Møteprotokollen frå fellesnemnda sitt møte 18. juni 2019 vart godkjend.

#### **Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.09.2019**

Møteprotokoll frå møte i fellesnemnda 18.juni 2019 vart godkjend utan merknader.

### **PS 52/19 Referatsaker (skriv og meldingar)**

#### **Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.09.2019**

Referatsaker RS 30-31/19 vart refererte.

**RS 30/19 Informasjon om nytt fylkeshus**

**RS 31/19 Integreringsoppgåver til fylkeskommunen**

**PS 53/19 Ymse**

**Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.09.2019**

Det var intet under ymse.

**PS 54/19 Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 - Arbeidsdokument 5/19**

**Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.09.2019**

**Åshild Kjelsnes (A)** sette på vegner av A, Sp, SV og KrF fram slikt forslag:

«Tillegg. Nytt punkt 1:

Fellesnemnda forventar at ein reelt forhold seg til å behandle budsjettet etter ein finansutvalsmodell, dvs at ein arbeider med budsjettet gjennom heile året med kontaktpunkt mot dei ulike hovedutvala for å legge til rette for ein arbeidsprosess med politisk styring gjennom året. Eit årshjul vil kunne vere ei god hjelp for oversikt til dette.

Alternativ til innstillinga punkt 2:

Fellesnemnda tek orienteringa til førebels vitande.  
Fellesnemnda ber prosjektleiar om å arbeide vidare med dei samla økonomiske utfordringane og salderinga av desse til neste møte 24.10.19

Salderinga må vise det politiske handlingsrommet slik at ein politisk kan prioritere tiltak.

Tillegg. Nytt punkt 5:

Fellesnemnda set som føresetnad at det vert full kompensasjon for kostnadane av overføring av sams vegadministrasjon.

Fellesnemnda vil understreke dei alvorlege utfordringane med ferje- og hurtigbåtanbod og utfordringane på vegvedlikehald og rassikring og ber politisk og administrativ leiing gå i dialog med sentrale styresmakter om dette.»

**Sigbjørn Framnes (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Under *Mobilitet og kollektiv – innsparingskrav på 41 mill. kr*, må det leggjast vekt på effektivt og saumlaust kollektivtilbod med god frekvens i distrikta.»

**Røysting**

Det var 22 representantar til stades.

Kjelsnes sitt forslag til nye punkt 1 og 5 vart samrøystes vedteke.  
Kjelsnes sitt forslag til alternativ til prosjektleiar sitt punkt 2 vart samrøystes vedteke mot inga røyster for prosjektleiar sitt forslag.  
Prosjektleiar si innstilling punkt 1 og 3 vart samrøystes vedteke.  
Framnes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

1. Fellesnemnda forventar at ein reelt forhold seg til å behandle budsjettet etter ein finansutvalsmodell, dvs at ein arbeider med budsjettet gjennom heile året med kontaktpunkt mot

dei ulike hovedutvala for å legge til rette for ein arbeidsprosess med politisk styring gjennom året. Eit årshjul vil kunne vere ei god hjelp for oversikt til dette.

2. Fellesnemnda ber prosjektleiar konkretisere innsparingstiltaka på sektornivå. Innsparingstiltak og forslag til omprioriteringar med konsekvensvurdering vert lagt fram til møte i finansutvalet den 24. oktober.

Under *Mobilitet og kollektiv – innsparingskrav på 41 mill. kr*, må det leggjast vekt på effektivt og saumlaust kollektivtilbod med god frekvens i distrikta.

3. Fellesnemnda tek orienteringa til førebels vitande. Fellesnemnda ber prosjektleiar om å arbeide vidare med dei samla økonomiske utfordringane og salderinga av desse til neste møte 24.10.19. Salderinga må vise det politiske handlingsrommet slik at ein politisk kan prioritere tiltak.
4. Fellesnemnda ber prosjektleiar komme attende til finansutvalet med konkret målsetting for administrativ effektivisering i møte den 24. oktober. Tiltaksplan for slik effektivisering blir behandla i budsjett 2021.
5. Fellesnemnda set som føresetnad at det vert full kompensasjon for kostnadane av overføring av sams vegadministrasjon.

Fellesnemnda vil understreke dei alvorlege utfordringane med ferje- og hurtigbåtanbod og utfordringane på vegvedlikehald og rassikring og ber politisk og administrativ leing gå i dialog med sentrale styresmakter om dette.

## **PS 55/19 Vidare utarbeiding av reglement for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune - del III**

### **Forslag til innstilling**

Fellesnemnda tek saka til drøfting og orientering.

### **Saksprotokoll i fellesnemnda-AU - 02.09.2019**

### **Røysting**

Prosjektleiar sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fellesnemnda.

### **Innstilling til fellesnemnda**

Fellesnemnda tek saka til drøfting og orientering.

### **Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.09.2019**

**Sigbjørn Framnes (Frp)** sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

«Tillegg:

Alle investeringsprosjekt og anbudskontraktar over 250 mill, skal attende til politisk handsaming.»

### **Røysting**

Det var 22 representantar til stades.

Prosjektleiar si innstilling med Framnes sitt tillegg vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Fellesnemnda tek saka til drøfting og orientering.

Alle investeringsprosjekt og anbudskontraktar over 250 mill, skal attende til politisk handsaming

## **PS 56/19 Møteplan for 2020 i Vestland fylkeskommune**

### **Forslag til vedtak**

Fellesnemnda vedtek innstilling til møteplan for 2020 for Vestland fylkesting, fylkesutvalet, valnemnda, finansutvalet, planutvalet, hovudutval for samferdsel og mobilitet; hovudutval for opplæring og kompetanse; hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon og hovudutval for kultur, idrett og integrering slik det går fram av side 4 i denne saka.

### **Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.09.2019**

**Jenny Følling (Sp)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Det må vere ein fleksibilitet i møteplan som medfører at det kan setjast opp fleire møte ved behov.»

### **Røysting**

Det var 22 representantar til stades.

Prosjektlear si innstilling med Følling sitt tillegg vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Fellesnemnda vedtek innstilling til møteplan for 2020 for Vestland fylkesting, fylkesutvalet, valnemnda, finansutvalet, planutvalet, hovudutval for samferdsel og mobilitet; hovudutval for opplæring og kompetanse; hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon og hovudutval for kultur, idrett og integrering slik det går fram av side 4 i denne saka.

Det må vere ein fleksibilitet i møteplan som medfører at det kan setjast opp fleire møte ved behov.

## **PS 57/19 Rekneskapsrapport pr. juli 2019 – Samanslåingskostnadar**

### **Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.09.2019**

### **Røysting**

Det var 22 representantar til stades.

Prosjektlear si innstilling vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Fellesnemnda tek tertialrapportering pr. 31. august 2019 for samanslåingskostnadar for Vestland fylkeskommune til orientering.

## **PS 58/19 Reglement for Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune**

### **Forslag til innstilling**

1. Fellesnemnda vedtek «Reglement for kontrollutvalet», slik det ligg føre.

2. Fellesnemnda oppmodar om at rettar for kontrollutvalsmedlemar som ikkje har sete i fylkestinget, relatert til gruppemøte før fylkestingssete, vert vurdert og innarbeidd i «Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune». Dette med utgangspunkt i innspel og moment som går fram av saksframlegg og handsaming i møter i denne saka.

#### **Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.09.2019**

##### **Røysting**

Det var 22 representantar til stades.

Innstillinga frå kontrollutvala i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar vart samrøystes vedteke.

##### **Vedtak**

1. Fellesnemnda vedtek «Reglement for kontrollutvalet», slik det ligg føre.
2. Fellesnemnda oppmodar om at rettar for kontrollutvalsmedlemar som ikkje har sete i fylkestinget, relatert til gruppemøte før fylkestingssete, vert vurdert og innarbeidd i «Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune». Dette med utgangspunkt i innspel og moment som går fram av saksframlegg og handsaming i møter i denne saka.

#### **PS 59/19 Val av revisor for Vestland fylkeskommune - Tilråding frå kontrollutvalet**

##### **Forslag til innstilling**

Fellesnemnda for Vestland fylkeskommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.01.2020 til 30.06.2024.

#### **Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.09.2019**

##### **Røysting**

Det var 22 representantar til stades.

Innstillinga frå kontrollutvala i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar vart samrøystes vedteke.

##### **Vedtak**

Fellesnemnda for Vestland fylkeskommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.01.2020 til 30.06.2024.

#### **PS 60/19 Framlegg til partssamansetting av Yrkesopplæringsnemnda i Vestland fylkeskommune**

##### **Forslag til innstilling**

Fellesnemnda slutter seg til innstillinga frå prosjektleiar slik det går fram av saksframlegget.

#### **Saksprotokoll i partssamansett utval - 02.09.2019**

**Hilde Kvamsås Aa (UNIO)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt:

Opplæringskontora skal ha ein representant med møte- og talerett.»

**Anne Gine Hestetun (A)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt:

Alle representantane skal ha lokal/regional forankring.»

### **Røysting**

Kvamsås Aa sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fellesnemnda AU.  
Hestetun sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fellesnemnda AU.  
Prosjektlear sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fellesnemnda AU**

Fellesnemnda slutter seg til innstillinga frå prosjektlear slik det går fram av saksframlegget.  
Opplæringskontora skal ha ein representant med møte- og talerett.  
Alle representantane skal ha lokal/regional forankring.

### **Saksprotokoll i fellesnemnda-AU - 02.09.2019**

**Anne Gine Hestetun (A)** sette fram slikt forslag:

«Fremmer opp igjen forslag i partsamansett utval i sak PS 18/19 Framlegg til partssamansetting av Yrkesopplæringsnemnda i Vestland fylkeskommune:

Fellesnemnda slutter seg til innstillinga frå prosjektlear slik det går fram av saksframlegget.  
Opplæringskontora skal ha ein representant med møte- og talerett.  
Alle representantane skal ha lokal/regional forankring».

### **Røysting**

Anne Gine Hestetun sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fellesnemnda.  
Prosjektlear sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fellesnemnda.

### **Innstilling til fellesnemnda**

Fellesnemnda slutter seg til innstillinga frå prosjektlear slik det går fram av saksframlegget.  
Opplæringskontora skal ha ein representant med møte- og talerett.  
Alle representantane skal ha lokal/regional forankring.

### **Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.09.2019**

Innstillinga frå fellesnemnda-AU vart lagt til grunn for røystinga.

### **Røysting**

Det var 22 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fellesnemnda slutter seg til innstillinga frå prosjektlear slik det går fram av saksframlegget.  
Opplæringskontora skal ha ein representant med møte- og talerett.  
Alle representantane skal ha lokal/regional forankring.

## **PS 61/19 Overgangsordning DKS - Planlegging av skuleåret 2020-2021**

### **Forslag til vedtak**



Fellesnemnda sluttar seg til overgangsordninga for Den kulturelle skulesekken, slik den er skissert i saka.

### **Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.09.2019**

#### **Røysting**

Det var 22 representantar til stades.

Prosjektlear si innstilling vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Fellesnemnda sluttar seg til overgangsordninga for Den kulturelle skulesekken, slik den er skissert i saka.

### **PS 62/19 Folkevalde i Vestland - rettar og pliktar**

#### **Forslag til vedtak**

Fellesnemnda slutter seg til dei rutinar, retningsliner og reglement for folkevalde som ligg vedlagt saka.

### **Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.09.2019**

**Anne-Beth Njærheim (V)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt:

Det bør vurderast differensiering av godtgjersle til telefon og breiband. For medlem av fylkesutvalet og gruppeleiarane bør det vurderast anna kompensasjon enn for menig fylkestingsmedlem.»

#### **Røysting**

Det var 22 representantar til stades.

Prosjektlear si innstilling vart samrøystes vedteke.  
Njærheim sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Fellesnemnda sluttar seg til dei rutinar, retningsliner og reglement for folkevalde som ligg vedlagt saka.

Det bør vurderast differensiering av godtgjersle til telefon og breiband. For medlem av fylkesutvalet og gruppeleiarane bør det vurderast anna kompensasjon enn for menig fylkestingsmedlem.

### **PS 63/19 Regulering av løn til prosjektlear**

**Fellesnemnda sitt forhandlingsutval tilrår at det vert gjort slikt vedtak:**

Fellesnemnda vedtek at løna til prosjektlear vert regulert med 4,115 prosent med verknad frå 1. januar 2019.

### **Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.09.2019**

**Ann Karin Oen (SV)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Lønsutviklinga til leiar i fylkeskommunen skal som hovudregel ikkje liggja over den sentrale ramma og den lokale ramma elles.

Fellesnemnda vedtek at prosjektleiar får ei lønsauke med 3,2% frå 01.05.19.»

### **Røysting**

Det var 21 representantar til stades.

Innstillinga frå fellesnemnda sitt forhandlingsutval vart vedteke med 20 røyster mot 1 røyst (SV) for Oen sitt forslag.

### **Vedtak**

Fellesnemnda vedtek at løna til prosjektleiar vert regulert med 4,115 prosent med verknad frå 1. januar 2019.